

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

Dan Femoen (H) sette fram slikt forslag på vegner av H, FrP, V og MDG:

«Pkt. 2 tas ut.

Nytt punkt 7:

Resterande midlar vert sendt utval for opplæring og helse, til orientering.»

Tor Andre Ljosland (KrF) sette på vegne av KrF, A, SP, SV, R og H fram slik protokollmerknad:

«Fondsmidlar kan sjåast i samanheng med disponering av investeringsmidlar.»

Røysting

Dan Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I denne saka vert 18,7 millionar kroner av totalt 22 millionar kroner til større undervisningsutstyr og utstyr yrkesfag fordelt. Fylkesdirektør opplæring får fullmakt til å fordele resterande 3,3 millionar kroner i september.

Følgande hovudprinsipp vert tilrådd for tildeling i 2019:

- 1 Utstyr vert prioritert føre ikt/av-utstyr, transportmiddel og møblar/inventar.
- 2 Skular som ikkje fekk tildelt midlar i 2018, eller fekk tildelt ein liten del av investeringsmidlane i 2018, vert prioritert framfor skular som i 2018 vart tildelt ein større del av midlane.
- 3 Skular som har vore under ombygging/rehabilitering og som ikkje har fått tildelt midlar til alt naudsynt utstyr, bør bli prioritert for å få fullført prosjekta på ein god måte. Det same gjeld skular som er under ombygging og som vil trenge mykje nytt utstyr som det ikkje er budsjettert med i byggjeprojektet.
- 4 Skular som har fått nye utdanningsprogram eller programområde, eller som skal starte opp med nye frå hausten 2019 bør bli prioritert.
- 5 Nokre skular med særleg kostnadskrevjande utdanningsprogram vert prioritert kvart år for å fordele investeringsbehovet.
- 6 Resterande midlar vert sendt utval for opplæring og helse, til orientering.

Protokollmerknad frå KrF, A, SP, SV, R og H

Fondsmidlar kan sjåast i samanheng med disponering av investeringsmidlar.